

Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
21.11.2005	
05 / 2258 - 28	
Avtk.	451.0
Avd. DD / BY / GAH	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200505356-4/652/GMAT

Dykkar ref.:
05/2258-1 GAH

Bergen, 28. november 2005

NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslovgivning II. Fråsegn

Fylkesutvalet i Hordaland handsama denne saka på møte den 21.11.2005, og vedtok:

1. Fylkesutvalet i Hordaland sluttar seg til framlegga om endringar i bygningslovgjevinga når det gjeld søknadssystem og sakshandsaming.
2. Fylkesutvalet står at universell utforming blir lovfesta og kjem inn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova. Dette er nødvendig for å realisera måla om likeverd og menneskerettar som går fram av FN sine standardreglar, og som Fylkestinget i Hordaland har slutta seg til.
3. Statleg fastsette definisjonar, krav, kriterier og standardar må på plass parallelt med innføring av lovendringa.
4. Det bør vurderast å krevje definert kompetanse om universell utforming av alle aktørar med ansvarsrett i byggebransjen.
5. Fylkesutvalet meiner det i alle høve er nødvendig med tidsfristar for å innføre universell utforming i bygg, anlegg og opparbeidde uteområde retta mot ålmenta, slik Syseutvalet gjer framlegg om.

For Jan Per Styve
Math Tøgers

Gudrun Mathisen

Gudrun Mathisen

Vedlegg: Saksutgreiing med vedtak



VEDLEGG

05 12258-28

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200505356
Arkivnr. 652
Sakshandsamar Mathisen, Gudrun

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	21.11.05	261/05

NOU 2005:12 MEIR EFFEKTIV BYGNINGSLOVGJEVING - FRÅSEGN

Fylkesutvalet 21.11.05

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland sluttar seg til framlegga om endringar i bygningslovgjevinga når det gjeld søknadssystem og sakshandsaming.
2. Fylkesutvalet står at universell utforming blir lovfesta og kjem inn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova. Dette er nødvendig for å realisera måla om likeverd og menneskerettar som går fram av FN sine standardreglar, og som Fylkestinget i Hordaland har slutta seg til.
3. Statleg fastsette definisjonar, krav, kriterier og standardar må på plass parallelt med innføring av lovendringa.
4. Det bør vurderast å krevje definert kompetanse om universell utforming av alle aktørar med ansvarsrett i byggebransjen.
5. Fylkesutvalet meiner det i alle høve er nødvendig med tidsfristar for å innføre universell utforming i bygg, anlegg og opparbeidde uteområde retta mot ålmenta, slik Syseutvalet gjer framlegg om.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. november 2005

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Milidrid Bætelsen

SAKNR. 261/05
MØTEDATO 21.11.05

Saksgang
Fylkesutvalet

Møtedato 21.11.05 **Saknr** 261/05 **Saksordførar**

NOU 2005:12 Meir effektiv bygningslovgjeving - Fråsegn

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200505356-2
Arkivnr. 652
Saksh. Mathisen, Gudrun

Dok. 3 i

Saksgang
Fylkesutvalet

Møtedato
21.11.2005 - 22.11.

saka
200505356

NOU 2005:12 MEIR EFFEKTIV BYGNINGSLOVGJEVING. FRÅSEGN

SAMANDRAG

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt på høyring NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslov II. Framlegg til endringar i plan- og bygningslova skal vera ei forenkling og effektivisering og vera meir brukarvenlege.

Framlegga om søknadssystem og sakhandsaming vil vonleg medverka til betre forvalting. Eit sentralt tema er tilgjenge og universell utforming. Det er framlegg om at universell utforming skal inn i føremålparsagrafen i PBL, i tråd med Syseutvalet (NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet). Utvalet nyttar elles omgrepene brukbarheit. Alle nye bygningar skal kunne brukast av alle. Krav om brukbarheit vert knytt til tiltaket sitt føremål og funksjon. Nærare kriteria fastsetjast i teknisk forskrift, for å ivareta behov for oppdateringar.

Gjennom Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med fylkesdelplanen "Deltaking for alle – universell utforming" er det kome klart fram behov for å eksplisitt lovfeste krav om tilgjenge og til rettelegging for personar med nedsett funksjonsevne. Statleg fastsette standardar og definisjonar må på plass raskt. Det vil likevel vere nødvendig med ein tidsfrist for innføring av universell utforming på alle bygg og anlegg retta mot ålmenta, slik Syseutvalet gjer framlegg om.

Definert kompetanse om universell utforming må krevjast av alle ansvarlege aktørar i byggebransjen, og bør vera eit krav ved sentral godkjenning av ansvarsrett. Mellombelse ordningar bør vurderast.


FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland sluttar seg til framlegga om endringar i bygningslovgjevinga når det gjeld søknadssystem og sakhandsaming.
2. Fylkesutvalet står at universell utforming blir lovfesta og kjem inn i føremålparsagrafen til plan- og bygningslova. Dette er nødvendig for å realisera måla om likeverd og menneskerettar som går fram av FN sine standardreglar, og som Fylkestinget i Hordaland har slutta seg til.
3. Statleg fastsette definisjonar, krav, kriterier og standardar må på plass parallelt med innføring av lovendringa.

4. Det bør vurderast å krevje definert kompetanse om universell utforming av alle aktørar med ansvarsrett i byggebransjen.
5. Fylkesutvalet meiner det i alle høve er nødvendig med tidsfristar for å innføre universell utforming i bygg, anlegg og opparbeidde uteområde retta mot ålmenta, slik Syseutvalet gjer framlegg om.



Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg: Plan- og bygningslova, lovteksten til bygningslovdelen. Henta frå NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslovgivning II
Sjå: http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/hoeringer/paa_hoering/016031-080016/dok-bn.html

FYLKESRÅDMANNEN, 08.11.2005:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt Bygningslovutvalet si andre utgreiing NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslov II, på høyring, med frist 01.12.2005.

Utvalet var oppnevnt mars 2002 og har gått gjennom bygningslovgjevinga med sikt på forenkling. I framlegget tar utvalet utgangspunkt i grunntrekka i dagens system, men kjem også med ei rekke endringsforslag. Samla skal dei utgjera ei forenkling og effektivisering og vera meir brukervenlege for alle brukergrupper.

Utvalet sine vurderingar og framlegg er presentert i Del III i utgreiinga.

I gjennomgangen her har fylkesrådmannen valt å trekke fram dei aspekta som er mest interessante og relevante for Hordaland fylkeskommune si samla verksemد.

Søknadssystem og sakshandsaming

Utvalet oppmøder om auka bruk av førehandskonferansar.

Utvalget gjer framlegg om ein tidsfrist på 16 veker for kommunen si handsaming av søknader om dispensasjon frå plangrunnlaget. Fylkesmannen får ein frist på 12 veker for handsaming av klagesaker.

Utvalet gjer framlegg om høve til felles handsaming av plan og byggesak, noko som kan spare tid og ressursar for både kommune og utbyggjar.

Utvalet gjer framlegg om at ein ikkje kan klage på forhold som er avgjort i bindande områdeplan eller detaljplan eller ved dispensasjon, og kor klagefristen for desse vedtaka er gått ut.

Utvalet gjer framlegg om innstramming av høvet til å dispensera frå lov, forskrift og plan. Vilkåret ”særlege grunner” er beholdt, men fleire vilkår er føyd til. Kapitlet om dispensasjon står i plandelen av PBL. Sjå Planlovutvalet, NOU 2003:14, kap.9.8.1.

Tilgjenge - universell utforming

Tilgjenge og brukbarhet til bygninger og uteareal bør ivaretakast sterkare. Dette har m.a. med menneskeverd og menneskerettat å gjera. Prinsippet om universell utforming vert foreslått inn i føremålsbestemminga. Det vil synleggjera kor viktig prinsippet er, og det skal leggjast til grunn ved tolking av enkeltbestemmingar i lova, som t.d. dispensasjonsbestemminga.

§ 1-1 Lovens formål

Planlegging etter loven skal samordne statlig, regional og kommunal virksomhet og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser. Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak.

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Vesentlige konsekvenser for miljø, naturressurser og samfunn skal utredes.

Prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak.

Bygningslovutvalet syner til NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet (Syseutvalet), og er ikkje sand i alle framlegga deira. Bygningslovutvalet nyttar omgrepene *brukbarhet*, som dei meiner har ei vidare tyding enn omgrepene *universell utforming*. Bygningslovutvalet meiner at dersom ein føreset at ein bygning skal nyttast av ålmenta, vil den ikkje oppfylle brukbarheitskrava dersom ikkje einkvar kan bruka den. Utvalet meiner at eit krav om brukbarheit ikkje må knytast til kriterier eller omgrep som er fastsette på førehånd, men til føremålet og funksjonen som tiltaket/bygningen skal ha. På den måten vert det eit dynamisk, fleksibel og funksjonsmessig innretta innslagspunkt for krava om brukbarheit. Kravet til brukbarheit går fram av kap. 29 Krav til tiltaket::

§ 29-2 Krav til brukbarhet og forsvarlighet

Ethvert tiltak skal innenfor sin funksjon kunne brukes av alle, herunder oppfylle krav til forsvarlig sikkerhet, helse, og miljø i eller i medhold av loven og ikke medføre fare.

Departementet gir nærmere forskrifter om brukbarhet og forsvarlighet.

Opparbeidde uteareal er omhandla i kap. 28 Krav til byggetomta:

28-7 Den ubebygde del av tomta, fellesareal

Uteareal på tomta skal gjennom størrelse, utforming og beliggenhet mv. sikre forsvarlig oppholdssted i det fri for beboerne som i nødvendig utstrekning muliggjør lek, rekreasjon, avkjørsel og parkering av biler, motorsykler, sykler o.l. Opparbeidet uteareal på tomta skal kunne brukes av alle innenfor tillatelsens formål. (---).

Med desse formuleringane meiner utvalet at det er god heimelsdekning for teknisk forskrift (TEK), kor alle konkrete element i prinsippet universell utforming kan operasjonaliseras i funksjonskrav etter behov. Det er altså i forskriften at innhaldet i kravet om brukbarheit vert fastsett. Det gir ei dynamisk løsing, som ivaretar omsynet til å dekkje nye behov. Ei jamleg oppdatering er mogleg, i takt med utviklinga i materialer, teknologi og fag.

Bygningslovutvalet meiner at det å ivareta prinsippet om universell utforming på ein forsvarleg måte krev eit samla grep på heile byggesaksprosessen. Det gjeld søknadssystemet, sakshandsamingsreglane, reglane om asnvar, kontroll, tilsyn og ulovlegheitsoppfølging. Særleg betring av tilsynssystem kan gi betre samsvar mellom krava i regelverket og den faktiske tilstanden til bygningane når det gjeld brukbarheit for alle.

Merknader

Fylkesrådmannen kan slutte seg til Bygningslovutvalet sine framlegg når det gjeld lova sitt verkeområde, søknadssystem og sakshandsaming.

Hordaland fylkeskommune held på med ein fylkesdelplan for funksjonshemma. Den har nemninga Deltaking for alle – universell utforming, og den gir grunnlag for å vurdera nokon av dei viktigaste framlegga i NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslov II. Fylkestinget har vedteke å slutta seg til FN sine standardreglar for menneskerettar.

I arbeidet med planen har det vore fleire møte med representantar for store offentlege byggherrar og byggebransjen i Hordaland. Det er kome klart fram at det er behov for å lovfeste eksplisitt kravet om tilgjenge og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne. Det er også stor semje i prosjektgruppa om at omgrepet universell utforming eigner seg godt i dette arbeidet.

I planarbeidet er det også kome fram at det er eit stort behov for felles standardar og definisjonar på kva som meinast med universell utforming, og kva det vil innebera. Dersom slike standardar skal vera juridisk bindande og tenlege for lovtolkingar, må dei fastsetjast sentralt av statlege styresmakter.

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at det no er kome 2 framlegg til lovheimling av universell utforming. Det eine, NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet (Syseutvalet), har framlegg om ei eiga lov med m.a. konkrete tidsfristar for innføring av universell utforming. Syseutvalet gjer også framlegg om at universell utforming skal inn i plan- og bygningslova si føremålsbestemming.

Fylkesrådmannen er godt nøgd med at begge lovutvala gjer framlegg om at universell utforming skal inn i plan- og bygningslova si føremålsbestemming. Det vil gi klare signal om kor viktig prinsippet er.

Det er verdt å merke seg at bygningslovutvalet elles i lovteksten og i direkte krav til tiltak nyttar formuleringa brukbarheit. Grunngjevinga er at ei spesifisering og konkretisering må skje gjennom oppdateringa av teknisk forskrift (TEK).

I utgangspunktet kan det sjå ut som dette er ei noko unnvikande strategi i høve til intensjonane. På den andre sida vert det no gjort mykke og godt arbeid frå statleg hald når det gjeld å auke merksemda om universell utforming, og ein må kunne venta at det blir gripe tak i utfordringane med å utforme konkrete krav og kriterier. Det er viktig at rette statlege styresmakt, t.d. Statens Byggtekniske Etat, startar arbeidet med å utforme standardar og kriterier. Dette arbeidet må starte med ein gang og få høg prioritet.

Internasjonale erfaringar (m.a. gjort greie for i NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet) syner likevel at det kan ta lang tid å få på plass slike standardar. Det kan derfor verke fornuftig med ei dynamisk løsing, slik Bygningslovutvalet gjer framlegg om, med jamleg oppdatering av Teknisk forskrift. Dette må likevel ikkje bli ei sovepute i arbeidet med å få på plass gode standardar. Kravet om ei

tidsfrist for innføring av universell utforming på alle bygg og anlegg retta mot ålmenta, slik Syseutvalet gjer framlegg om, vil vera nødvendig.

I arbeidet med fylkesdelplanen er Hordaland fylkeskommune blitt merksam på at kunnskap og kompetanse hos alle partar i byggebransjen er ein føresetnad for å oppnå gode resultat. Det er behov for klart definert kompetanse på feltet, ikkje minst som ei oppfølging av kravet om standardar. Vi gjer framlegg om at universell utforming må inn som eit obligatorisk tema i samband med sentral godkjenning av ansvarsrett i alle sektorar av byggebransjen. Inntil sentral godkjenning er innført, må ein vurdera å etablere mellombelse overgangsordningar. Det er alt for mange døme på at eigenkontroll kan gi dårlege løysingar på kravet om tilrettelegging og universell utforming.